



# Kommuneplanen – arealdel 2015-2030

Konsekvensutgreiingar (KU) inndelt etter

geografiske område

## 09. Innstranda

Tilråding	Kart-kode	Kart-kode (T)	Område (stikkord)	Merknad
Tilrådd	AK14	Akvakultur	Ljonesbjørgane	
Tilrådd	N17/N18/N20	Næring	Ljonesvågen	
Tilrådd	SBU6	Spreidd bustad	Skuleområdet	
Tilrådd	SBU8	Spreidd bustad	Ljones	
Tilrådd	SBU9	Spreidd bustad	Ljonestangen	
Delvis tilrådd	SBU4	Spreidd bustad	Røyrvik	
Delvis tilrådd	SBU5	Spreidd bustad	Røyrvik	
Delvis tilrådd	SN8	Spreidd næring	Salbuvika	
Ikkje tilrådd		Småbåthamn	Ljonesvågen	
Ikkje tilrådd		Småbåthamn	Ljonesvågen	
Ikkje tilrådd		Spreidd bustad	Ljonesvågen	

<b>Områdenavn: AK 14</b>	<b>Akvakultur Tørvikbygd</b>	<b>Gnr/bnr:</b>	
Journalpost innspel:	<a href="#">16/6551 - KOMMUNEPLANEN KVAM AREALDELEN oppdatering</a>		
Noverande planstatus:	FFNF-område, fiske, ferdsle, natur- og friluftsområde, gjeld utvidinga.		
Områdeskildring:	Det er lokalisert oppdrettsanlegg i Ljonesbjørgene i dag. Lokaliteten ligg på utsida av Ljoneshalvøya. Den føreslåtte utvidinga på sjøen utgjer i om lag 200 daa.		
Innspel til ny arealbruk:	Akvakultur.		
Rådmannen sin konklusjon frå KU og ROS:	<b>Tilrådd</b>		
Kart over innspel:	 <p>A topographic map of the Ljones area in Norway. The map shows contour lines, roads, and various locations. A red rectangle highlights a rectangular area in the water to the east of the Ljones peninsula, indicating the proposed site for aquaculture expansion. Labels on the map include Skotahaugen, Ljonesåse, Ljones, Storåsen, Kolliveit, Ljones, Veli, Helane, Tangen, Ljonestangen, Vikingenes, Saltbuvika, and Ljoneshalvøya.</p>		
Flyfoto over innspel:	 <p>An aerial photograph of the Ljones area, showing the terrain and the coastline. A red rectangle highlights the same rectangular area in the water as shown in the topographic map above, representing the proposed site for aquaculture expansion.</p>		

		Konsekvensutgreiing		
Tema		Kommentar	Verdi	Konsekvens
Natur og miljøressursar	Naturverdiar / biologisk mangfald	Ingen registreringar i naturbase.no  Nærmaste anadrome vassdrag, Granvinselva, Flatabøelva, Øysteseelva, Steinsdalselva, Jøndalselva og Tørvikelva.  Lokaliteten ligg i utvandningsruta for laksesmolt frå vassdraga inst i Hardangerfjorden, samt i oppvekstområda for sjøauren til dei næraste vassdraga i Kvamoppvekstområda for sjøauren til dei næraste vassdraga i Kvam.	L	-1
	Jord- og skogressursar			
	Kulturminne / fornminne	Ingen registrerte kulturminner på dette arealet el. i nærområdet.	L	0
	Landskap / grønstruktur / kulturlandskap	Registrert som middels breie fjordløp.	M	-1
	Friluftsliv	Ingen registrerte friluftskvalitetar. Småbåttrafikk i området.	L	-1
	Funksjonell strandsone	Ligg i sjøen, utanfor området som kommunen definerer som den funksjonelle strandsonen.	M	-1

Uønska hending	Årsak	Kommentar	ROS-analyse		
			Vurdering jf. akseptkriteria		
Ekstremvær	Klimaendringar vil medføra hyppigare «ekstremvær» med vind og store nedbørmengder.	Skade på anlegg kan førekomma.	L&H : S5/K1	M: S5/K3	Ø&P: S5/K3
Ras/skred/flaum	Geologiske og topografiske forhold i området i kombinasjon med ekstremvær og klimaendringar.	Vert tatt med pga rasfare innerst i mot land på eksisterande lokalitet.	L&H : S2/K1	M: S2K1	Ø&P: S2/K1
Ureining og støy	Støy i frå drift av anlegget kan førekomma. Ureining frå for og evt andre utslepp kan førekomma.		L&H : S3/K1	M: S3/K2	Ø&P: S3/K1
Radon			L&H :	M:	Ø&P:
Brann	Brann som fylgje av lynnedslag, menneskeleg feil eller teknisk feil		L&H : S2/K2	M: S2/K2	Ø&P: S2/K2
Ulukker	Ulukker i samband med føring, reperasjon og vedlikehald av anlegget.		L&H : S2/K2	M: S2/K3	Ø&P: S2/K3
Uheldig samlokalisering	Uheldig samlokalisering pga estetikk, ureining, naturverdiar og fritid.		L&H : S1/K1	M: S1/K1	Ø&P: S1 /K1

Konklusjon frå Rådmannen			
Relevante samfunnstema	<i>Tettstadsutvikling</i>	<i>Kollektivtransport / gang- og sykkelveg</i>	<i>Transport</i>
	<i>Folkehelse</i>	<i>Kommunale tenestetilbod og økonomi</i>	<i>Born og unge</i>
	<i>Teknisk infrastruktur</i>	<i>Næringsliv og sysselsetting</i>	<i>Universell utforming</i>
<p>For lokaliteten ved Ljonesbjørgene er det snakk om utviding av eksisterande lokalitetet. Lokaliteten er ein god lokalitet for oppdrett. Utvidinga er i samsvar med arealstrategi nr 23 og 24 for akvakultur. Utvidinga vil vera med å styrka næringsliv og sysselsetjing i kommunen.</p> <p>Ekstremvær kan vera ei utfordring, men er ikkje større her, enn for andre lokalitetar i fjorden.</p> <p>Ligg i eit område med svært lite konflikter med andre interesser. Innspelet vert <b>tilrådd</b>.</p>			

Framlegg til område i arealdelen (Kart)



O  
S  
J  
i  
n  
N

**Konsekvensutgreiing**

Tema		Kommentar	Verdi	Konsekvens
Natur og miljøressursar	Naturverdiar / biologisk mangfald	Ingen registrerte naturverdiar i naturbase.no. Området ligg innafor det som er definert som Inf.-nåvne område. Område der det er høge naturverdiar.	M	-1
	Jord- og skogressursar	Den største delen av området er skog av høg bonitet. Eit mindre areal i sør er skog av svært høg bonitet. Også ein del skog som er av låg bonitet.	M	-2
	Kulturminne / fornminne	Ingen registrerte kulturminner på dette arealet eller i nærområdet.	L	0

F  
i  
n

	Landskap / grønstruktur / kulturlandskap	Breie fjordløp og opne fjordmunningar.	S	-1
	Friluftsliv	Ingen registrerte friluftskvaliteter. Godt med merka stiar på Innstranda.	L	-1
	Funksjonell strandsone	Ligg utanfor strandsonen	-	-

Uønska hending	Årsak	Kommentar	ROS-analyse		
			Vurdering jf. akseptkriteria		
Ekstremver	Klimaendringar vil medføra hyppigare «ekstremver» med vind og store nedbørsmengder.	Skade på bygg kan førekoma.	L&H : S5/K1	M: S5/K1	Ø&P: S5/K2
Ras/skred/flaum	Geologiske og topografiske forhold i området i kombinasjon med ekstremver og klimaendringar.	Ligg utanfor aktsemdkart for snø-, stein-, jord- og flaumskred, og ikkje innan flaumsone.	L&H : S2/K1	M: S2/K1	Ø&P: S2/K1
Ureining og støy		Ingen kjend ureining i grunnen eller store/dominerande støykjelder.	L&H : S2/K1	M: S2/K1	Ø&P: S2/K1
Radon	Radonstråling frå grunn.	Ingen kjende høge målingar i området el. nærliggjande område. Generelle krav til byggverk er synt i TEK10.	L&H : S1/K2	M: S1/K1	Ø&P: S1/K1
Brann	Brann som fylgje av lynnedslag, menneskeleg feil eller teknisk feil		L&H : S3/K3	M: S3/K1	Ø&P: S3/K3
Ulukker	Trafikkulukker.	Gardsdrift med store	L&H : S3/K3		





		landbruksmaskiner. Ikkje gang- og sykkelveg ned til Fv-49. Manglar også gang- og sykkelveg langs Fv-40	M: S3/K1 Ø&P: S3/K1
Uheldig samlokalisering		Ingen spesielle tilhøve når det gjeld uheldig samlokalisering.	L&H : S2/K1 M: S2/K1 Ø&P: S2/K1

Konklusjon frå Rådmannen			
Relevante samfunnstema	Tettstadsutvikling	Kollektivtransport / gang- og sykkelveg	Transport
	Folkehelse	Kommunale tenestetilbod og økonomi	Born og unge
	Teknisk infrastruktur	Næringsliv og sysselsetting	Universell utforming
<p>Innstranda er ikkje omfatta av senterstrukturen i Kvam. Det skal difor vera moglegheiter for spreidd bustadbygging i samsvar med arealstrategiane for utnytting av LNF-område og spreidd bustadbygging.</p> <p>I arealstrategi om utnytting av landbruk, natur og friluftsområde, Inf-område er det lagt vekt på, jf strategi nr 15, at område som ikkje er omfatta av regulerte bustadfelt her skal det leggjast til rette for spreidd bustadbygging langs med eksisterande infrastruktur og busetnad. Strategien er gjeldande for Innstranda.</p> <p>I kommuneplanen sin arealdel i frå 2006, viser det næraste området som framtidig bustadområde med krav om regulering. Dette er ikkje gjennomført. Området som er føreslått til spreidd bustadbygging ligg i forlenginga av dette langs med Kolltveitvegen.</p> <p>Roleg område med gode oppvekstvilkår. Området ligg like ved Fv- 49. Avstanden til næmaste busstopp er om lag 250 m. Området vil vera bilbasert, evt basert på buss til skule, barnehage mm i Tørvikbygd. Ny barnehage i Tørvikbygd innan 2016. Det er pr dags dato ikkje gang- og sykkelveg til desse servicetilboda.</p> <p>Ligg i eit område med gode turmoglegheiter, mange merka stiar på Innstranda og Tørvikbygd , også relativt kort avstand til badeplassen i Ljonesvågen, som er under opparbeiding.</p> <p>Det er lite med konflikter i høve til kulturminne, jordbruk, friluftsliv mm. Rådmannen tolkar lokaliseringa til å vera i samsvar med arealstrategien for spreidd bustadbygging, ved at det er bygd i området tildlegare og det ligg inntil eksisterande infrastruktur. Rådmannen <b>tilrår</b> at området vert tatt inn i kommuneplanen sin arealdel.</p>			

Framlegg til område i arealdelen (Kart)



<b>Områdenavn:</b> <b>SBU 8</b>	<b>Spreidd bustadbygging</b> <b>Innstranda</b>	<b>Gnr/bnr:</b>	
Journalpost innspel:	<a href="http://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2013015777&amp;dokid=432614&amp;versjon=1&amp;variant=P&amp;">http://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2013015777&amp;dokid=432614&amp;versjon=1&amp;variant=P&amp;</a> <a href="http://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2013015777&amp;dokid=432615&amp;versjon=1&amp;variant=P&amp;">http://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2013015777&amp;dokid=432615&amp;versjon=1&amp;variant=P&amp;</a>		
Noverande planstatus:	Landbruk-, natur- og friluftsliv, der natuvern er dominerande, Inf-n område.		
Områdeskildring:	Området ligg på Ljones på Innstranda, i forlenginga av framtidig spreidd bustadbygging i frå kommuneplanen sin arealdel i frå 2006. Heile området er prega av spreidd blandingsskog. Området ligg slik til at det er god oversikt over Ljonesvågen. Tilsaman utgjer arealet ca 10 daa.		
Innspel til ny arealbruk:	Framtidig spreidd bustadbygging.		
Rådmannen sin konklusjon frå KU og ROS:	<b>Tilrådd</b>		
Kart over innspel:			
Flyfoto over innspel:			


		Konsekvensutgreiing		
Tema		Kommentar	Verdi	Konsekvens
Natur og miljøressursar	Naturverdiar / biologisk mangfald	Ingen registrerte naturverdiar i naturbase.no. Området ligg innafor det som i kommunmeplanen sin arealdel er definert som Inf.-n område. Område der det er høge naturverdiar.	M	-1
	Jord- og skogressursar	Heile området er vist som skog av høg bonitet.	M	-2
	Kulturminne / fornminne	Ingen registrerte kulturminner på dette arealet. Finst registrerte kulturminne i nærområdet, mellom anna automatisk freda kullgroper.	L	-1
	Landskap / grønstruktur / kulturlandskap	Breie fjordløp og opne fjordmunningar.	S	-1
	Friluftsliv	Ingen registrerte friluftskvalitetar. Godt med merka stiar på Innstranda.	L	-1
	Funksjonell strandsone	Ligg utanfor strandsonen	-	-

Uønska hending	Årsak	Kommentar	ROS-analyse		
			Vurdering jf. akseptkriteria		
Ekstremver	Klimaendringar vil medføra hyppigare «ekstremver» med vind og store nedbørsmengder.	Skade på bygg kan førekoma.	L&H : S5/K1	M: S5/K1	Ø&P: S5/K2
			L&H : S2/K1	M: S2/K1	Ø&P: S2/K1
			L&H : S2/K2	M: S2/K1	Ø&P: S2/K1
Ras/skred/flaum	Geologiske og topografiske forhold i området i kombinasjon med ekstremver og klimaendringar.	Ligg utanfor aktsemdkart for snø-, stein-, jord- og flaumskred, og ikkje innan flaumsone.	L&H : S1/K2	M: S1/K1	Ø&P: S1/K1
			L&H : S2/K2	M: S2/K1	Ø&P: S2/K1
			L&H : S2/K2	M: S2/K1	Ø&P: S2/K1
Ureining og støy		Ingen kjend ureining i grunnen eller store/dominerande støykjelder. Kraftleidning i ytterkant av bustadfeltet.	L&H : S3/K3	M: S3/K1	Ø&P: S3/K3
			L&H : S3/K3	M: S3/K1	Ø&P: S3/K1
			L&H : S3/K3	M: S3/K1	Ø&P: S3/K1
Brann	Brann som fylgje av lynnedslag, menneskeleg feil eller teknisk feil.		L&H : S3/K2	M: S3/K2	Ø&P: S3/K1
			L&H : S3/K2	M: S3/K2	Ø&P: S3/K1
			L&H : S3/K2	M: S3/K2	Ø&P: S3/K1
Uheldig samlokalisering	Bustadfelt i landbruksområde	Bustad i nærleik til aktiv gardsdrift kan vera uheldig i høve til m. a lagring, lukt og støy i frå gardsdrifta. Høgspenteleidning i utkanten av det føreslåtte området.	L&H : S3/K3	M: S3/K1	Ø&P: S3/K1
			L&H : S3/K3	M: S3/K1	Ø&P: S3/K1
			L&H : S3/K3	M: S3/K1	Ø&P: S3/K1



Konklusjon frå Rådmannen			
Relevante samfunnstema	<i>Tettstadsutvikling</i>	<i>Kollektivtransport / gang- og sykkelveg</i>	<i>Transport</i>
	<i>Folkehelse</i>	<i>Kommunale tenestetilbod og økonomi</i>	<i>Born og unge</i>
	<i>Teknisk infrastruktur</i>	<i>Næringsliv og sysselsetting</i>	<i>Universell utforming</i>
<p>Innstranda er ikkje omfatta av senterstrukturen i Kvam. Det skal difor vera moglegheiter for spreidd bustadbygging i samsvar med arealstrategiane for utnytting av LNF-område og spreidd bustadbygging.</p> <p>I arealstrategi om utnytting av landbruk, natur og friluftsområde , Inf-område er det lagt vekt på, jf strategi nr 15, at område som ikkje er omfatta av regulerte bustadfelt her skal det leggjast til rette for spreidd bustadbygging langs med eksisterande infrastruktur og busetnad. Strategien er gjeldande for Innstranda.</p> <p>I kommuneplanen sin arealdel i frå 2006, er det lagt til rette for framtidig spreidd bustadbygging, inntil 5 hus. Tre av desse tomtene er skild i frå og bygd på. Området som er føreslått til spreidd bustadbygging ligg i forlenginga av dette området</p> <p>Roleg område med gode oppvekstvilkår. Avstanden til næmaste busstopp er om lag 700 m. Området vil vera bilbasert, evt basert på buss til skule, barnehage mm i Tørvikbygd. Ny barnehage i Tørvikbygd innan 2016. Det er pr dags dato ikkje gang- og sykkelveg til desse servicetilboda.</p> <p>Ligg i eit område med gode turmoglegheiter, mange merka stiar på Innstranda og Tørvikbygd , også relativt kort avstand til badeplassen i Ljonesvågen, som er under opparbeiding.</p> <p>Det er lite med konflikter i høve til kulturminne, jordbruk, friluftsliv mm. Rådmannen tolkar lokaliseringa til å vera i samsvar med arealstrategien for spreidd bustadbygging, ved at det er bygd i området tildlegare og det ligg inntil eksisterande infrastruktur. Rådmannen <b>tilrår</b> at området vert tatt inn i kommuneplanen sin arealdel.</p>			



**Framlegg til område i arealdelen (Kart)**

A large, empty rectangular box with a thin black border, occupying the upper half of the page. It is intended for a map or drawing related to the section header above it.



<b>Områdenavn:</b> <b>SBU 9</b>	<b>Spreidd bustad</b> <b>Innstranda</b>	<b>Gnr/bnr:</b>	<b>95/5</b>
Journalpost innspel:	<a href="http://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2013015815&amp;dokid=432723&amp;versjon=1&amp;variant=P&amp;">http://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2013015815&amp;dokid=432723&amp;versjon=1&amp;variant=P&amp;</a> <a href="http://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2013015815&amp;dokid=432724&amp;versjon=1&amp;variant=P&amp;">http://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2013015815&amp;dokid=432724&amp;versjon=1&amp;variant=P&amp;</a>		
Noverande planstatus:	Området er delt i mellom Inf og framtidig område for spreidd bustadbygging i Inf område.		
Områdeskildring:	Området ligg på Innstranda, ytterst på Ljonestangen. Området grensar ned i mot sjøen og er for det meste prega av lauvskog i dag. Området ligg langs med kommunal veg, der det også er spreidd bustadbygging i kommuneplanen i frå 2006. Forslaget er på bortimot 16 daa.		
Innspel til ny arealbruk:	Framtidig spreidd bustadbygging.		
Rådmannen sin konklusjon frå KU og ROS:	<b>Tilrådd</b>		
Kart over innspel:			
Flyfoto over innspel:			


--	--


		Konsekvensutgreiing		
Tema		Kommentar	Verdi	Konsekvens
Natur og miljøressursar	Naturverdiar / biologisk mangfald	Ingen registreringar.	L	-1
	Jord- og skogressursar	Om lag halvparten er skog av høg bonitet, noko er uproduktiv skog og midt i området er det noko innmarksbeite.	L	-1
	Kulturminne / fornminne	Ingen registrerte kulturminner på dette arealet el, men mange registreringar i nærområdet.	L	-1
	Landskap / grønstruktur / kulturlandskap	Middels breie fjordløp.	M	-1
	Friluftsliv	Ingen registreringar. Ligg i strandsonen med småbåttrafikk.	L	-1
	Funksjonell strandsone	Ligg i den funksjonelle strandsone.		

Uønska hending	Årsak	Kommentar	ROS-analyse
			Vurdering jf. akseptkriteria
Ekstremvær	Klimaendringar vil medføra hyppigare «ekstremvær» med vind og store nedbørsmengder.		L&H : S5/K1
			M: S5/K1
			Ø&P: S5/K2
Ras/skred/flaum	Geologiske og topografiske forhold i området i kombinasjon med ekstremvær og klimaendringar	Ingen registreringar, på aktsemdskart.	L&H : S2/K1
			M: S2/K1
			Ø&P: S2/K1
Ureining og støy		Ingen kjend ureining i grunnen eller store/dominerande støykjelder.	L&H : S2/K1
			M: S2/K1
			Ø&P: S2/K1
Radon	Radonstråling i frå grunn er ikkje kjent.	Generelle krav i til byggverk er synt i TEK 10.	L&H : S1/K2
			M: S1/K1
			Ø&P: S1/K1
Brann	Brann som fylgje av lynnedslag, menneskeleg feil eller teknisk feil.		L&H : S3/K4
			M: S3/K2
			Ø&P: S3/K3
Ulukker	Trafikkulukker.		L&H : S3/K3
			M: S3/K1
			Ø&P: S3/K2
Uheldig samlokalisering	Bustadfelt i landbruksområde.	Låg aktivitet på dei nærastliggjande jordbruksareala.	L&H : S2/K1
			M: S2/K1
			Ø&P: S2/k1

Konklusjon frå Rådmannen			
Relevante samfunnstema	<i>Tettstadsutvikling</i>	<i>Kollektivtransport / gang- og sykkelveg</i>	<i>Transport</i>
	<i>Folkehelse</i>	<i>Kommunale tenestetilbod og økonomi</i>	<i>Born og unge</i>
	<i>Teknisk infrastruktur</i>	<i>Næringsliv og sysselsetting</i>	<i>Universell utforming</i>
<p>I arealstrategi om utnytting av landbruk, natur og friluftsområde, Inf-område er det lagt vekt på, jf strategi nr 15, at område som ikkje er omfatta av regulerte bustadfelt her skal det leggjast til rette for spreidd bustadbygging langs med eksisterande infrastruktur og busetnad. Strategien er gjeldande for Innstranda.</p> <p>I kommuneplanen sin arealdel i frå 2006, viser dei næraste områda som spreidd bustadbygging, med moglegheiter for 5 bustader. Området som er føreslått til spreidd bustadbygging ligg langs med Tangavegen.</p> <p>Roleg område med gode oppvekstvilkår. Avstanden til næmaste busstopp er om lag 2, 8 km. Området vil vera bilbasert, evt basert på buss til skule, barnehage mm i Tørvikbygd. Ny barnehage i Tørvikbygd innan 2016. Det er pr dags dato ikkje gang- og sykkelveg til desse servicetilboda.</p> <p>Ligg usentralt til i høve til brannberedskap.</p> <p>Det er lite med konflikter i høve til kulturminne og jordbruk. Rådmannen tolkar lokaliseringa til å vera i samsvar med arealstrategien for spreidd bustadbygging, ved at det er spreidd bustadbygging i området i dag og det ligg inntil eksisterande infrastruktur. Rådmannen <b>tilrår</b> at området vert tatt inn i kommuneplanen sin arealdel.</p>			

**Framlegg til område i arealdelen (Kart)**



<b>Områdenavn: N 17, 18 og 20</b>	<b>Akvakultur - Tørvikbygd</b>	<b>Gnr/bnr:</b>	<b>95/18</b>
Journalpost innspel:	<a href="http://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2013014981&amp;dokid=431491&amp;version=1&amp;variant=A&amp;">http://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2013014981&amp;dokid=431491&amp;version=1&amp;variant=A&amp;</a> <a href="http://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2013014981&amp;dokid=431492&amp;version=1&amp;variant=P&amp;">http://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2013014981&amp;dokid=431492&amp;version=1&amp;variant=P&amp;</a> <a href="http://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2013014981&amp;dokid=431493&amp;version=1&amp;variant=P&amp;">http://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2013014981&amp;dokid=431493&amp;version=1&amp;variant=P&amp;</a> <a href="http://innsyn.kvam.no/wfinnsyn.ashx?response=journalpost_detaljer&amp;journalpostid=2017002724&amp;">http://innsyn.kvam.no/wfinnsyn.ashx?response=journalpost_detaljer&amp;journalpostid=2017002724&amp;</a>		
Noverande planstatus:	På land, landbruk-, natur- og friluftsliv, der landbruk er dominerande, LNF-I og eit mindre areal med erverv-(næring) I sjøen fiske-, ferdsle-, natur-, og friluftsliv.-FFNF.		
Områdeskildring:	Området ligg innerst i Ljonesvågen, der det er setjefiskanlegg i dag. På land er det aktivt jordbruk på det føreslåtte området. På sjøen er det langgrunt, med molo midt i området. Ljonesvågen er også nytta til bading mm. Samla areal på land, oppimot 7 daa og på sjøen, og om lag 10 daa på sjøen.		
Innspel til ny arealbruk:	To ulike innspel til bruk av området. Næring på land og på sjøen. Ynskjer at det vert akvakultur, her som matfisk, i området vest for moloen.		
Rådmannen sin konklusjon frå KU og ROS:	<b>Tilrådd</b>		
Kart over innspel:			



		Konsekvensutgreiing		
Tema		Kommentar	Verdi	Konsekvens
Natur og miljøressursar	Naturverdiar / biologisk mangfald	<p>Registreringar innafor området i naturbase.no. Artsdatabanken.no viser mange artar innafor området, gjeld både fuglar og insekt. Gjeld elveperlemusling i elva, som er definert som sårbar. Truleg utdødd.</p> <p>Nærmaste anadrome vassdrag er Granvinselva, Flatabøelva, Øysteseelva, Steinsdalselva, Jodalselva og Tørvikelva.</p>	S	-2
	Jord- og skogressursar	På land er mykje av arealet fulldyrka, men og noko jorddekt fastmark.	S	-3
	Kulturminne / fornminne	Det er registrert automatisk freda kulturminne innafor området, men som er fjerna. Elles også andre registreringar i nærområdet. Gjeld mellom anna automatisk freda busetnad i frå steinalderen.	M	-1
	Landskap / grønstruktur / kulturlandskap	Breie fjordløp møter opne fjordmunningar.	S	-1
	Friluftsliv	Ingen registrerte friluftskvalitetar innafor området. Regulert friområde i Skjeljavika, som vert nytta av	M	-2

		lokalbefolkning og hyttefolk.		
	Funksjonell strandsone	Ligg utanfor det kommuneplanen legg opp til å definera som funksjonell strandsone.	L	-1

Uønska hending	Årsak	Kommentar	ROS-analyse		
			Vurdering jf. akseptkriteria		
Ekstremver	Klimaendringar vil medføra hyppigare «ekstremvær» med vind og store nedbørmengder.	Skade på anlegg kan førekomma.	L&H :	S5/K1	
			M:	S5/K2	
			Ø&P:	S5/K2	
Ras/skred/flaum	Geologiske og topografiske forhold i området i kombinasjon med ekstremver og klimaendringar.	Utbyggingsområdet er vist både på land og i sjø. Utfylling i sjøen må også boniterast i samband med evt regulering av området. Må takast omsyn til evt springflo mm.	L&H :	S3/K2	
			M:	S3/K2	
			Ø&P:	S3/K3	
Ureining og støy		Ingen kjend ureining i grunnen eller store/dominerande støykjelder.	L&H :	S2/K1	
			M:	S2/K1	
			Ø&P:	S2/K1	
Radon	Radonstråling frå grunn.	Ingen kjende høge målingar i området el. nærliggjande område. Generelle krav til byggverk er synt i TEK10.	L&H :	S1/K1	
			M:	S1/K1	
			Ø&P:	S1/K1	
Brann	Brann som fylgje av lynnedslag, menneskeleg feil eller teknisk feil.		L&H :	S3/K2	
			M:	S3/K1	
			Ø&P:	S3/K3	
Ulukker	Trafikkulukker	Relativt smal og svingete veg frå Fv-49 og ned til området.	L&H :	S3/K2	
			M:	S3/K1	
			Ø&P:	S3/K2	
Uheldig samlokalisering	Næring i grunn vik som også vert brukt til bading	Regulert friområde på sørsida innerst i vågen.	L&H :	S4/K2	
			M:	S4/K3	



	mm	Uheldig samlokalisering.	Ø&P: S4/K2
--	----	--------------------------	------------

Konklusjon frå Rådmannen			
Relevante samfunnstema	Tettstadsutvikling	Kollektivtransport / gang- og sykkelveg	Transport
	Folkehelse	Kommunale tenestetilbod og økonomi	Born og unge
	Teknisk infrastruktur	Næringsliv og sysselsetting	Universell utforming

Undervegs i arbeidet med kommuneplanen sin arealdel har det komme inn fleire innspel til bruk av området, dei ulike innspela omhandlar bruk av området til oppdrett av laks og sjøaure, både på land og i sjøen. I sjøen er det snakk om anlegg til oppdrett av matfisk.

Arealstrategiane for industri- og næringsareal tek for seg lokalisering av nye næringsareal. Nye næringsareal til industri og anlegg med meir skal leggjast til eksisterande næringsområde i utkanten av sentrum. Plasskrevjande næringer skal lokaliserast i utkanten av sentrum og langs med Fv-7 eller Fv- 48 og Fv-49. Lokaliseringa samsvarar med arealstrategi nr 17 om at nye næringsareal skal leggjast utanfor sentrum, og då langs med Fv-7, Fv-49 eller Fv-48. Stadbundne næringer kan lokaliserast der dei naturleg høyrer til.

Utvidinga vil vera med å styrka næringsliv og sysselsetjing i kommunen.

Området på land er i sterk konflikt med jordvernet, og ei utviding vil føra til tap av god jord. Ei alternativ løysing for framtidige, er å ta med seg området vest –nordvestsida av Ljoneselva til næringsareal. Området er i noko mindre grad i konflikt med jordvernet, då det her er ei blanding i mellom overflatedyrka mark og skog av svært høg bonitet. For å unngå konflikt med automatisk freda kulturminne, vert området ikkje utvida for langt mot nord.


Ljonesvågen er utfordrande med tanke på samlokalisering i mellom næring, biologisk mangfald og friluftsliv. Det vert vist til at Ljoneselva produserer ei svært avgrensa mengde sjøaure, men at det ikkje er snakk om ei stamme. Det har tidlegare vore elveperlemusling i elva, det er ikkje nokon dokumentasjon på at denne arten finnest i dag. Artsdatabanken definerer arten som sårbar. Ljonesvågen har elles eit mangfald av artar, som i seg sjølv er livskraftige. Dette gjeld både insekt og fuglar. Utfylling i sjøen må også boniterast og fylgjast opp med tanke på moglege avbøtande tiltak.



Det vil og vera konflikt i mellom vidare næringsutvikling og friluftsliv/rekreasjon i bukta. Regulert friområde som vert nytta av både fastbuande og hyttefolk, ligg også inne i bukta. Ei ytterlegare utfylling/utnytting i sjøen kan auka dette konfliktnivået. I dag er vågen fiske-, ferdsl-, natur og friluftsområde. Det planlagde matfiskanlegget vil ha ei streng geografisk avgrensing på vestsida av moloen i bukta.

Rådmannen legg til grunn at området i dag er tatt i bruk til smoltproduksjon og at det no vert

satsa på heile verdikjeda fram til og med matfisk. For ytterlegare utviding på land, vil rådmannen føreslå at området vest for Ljones elva vert tatt i bruk, då koflikta med jordbruket er noko mindre her. Rådmannen tilrår ei utviding til næringsareal for matfisk på vestsida av moloen og på vest-nordvestsida av Ljoneselva.

Framlegg til område i arealdelen (Kart)



<b>Områdenavn:</b> <b>SBU 4</b>	<b>Spreidd bustadbygging</b> - <b>Gnr/bnr:</b>	<b>100/8</b>
<b>Innstranda</b>		
Journalpost innspel:	<a href="http://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2013015722&amp;dokid=432505&amp;versjon=1&amp;variant=A&amp;">http://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2013015722&amp;dokid=432505&amp;versjon=1&amp;variant=A&amp;</a> <a href="http://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2013015722&amp;dokid=432506&amp;versjon=1&amp;variant=P&amp;">http://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2013015722&amp;dokid=432506&amp;versjon=1&amp;variant=P&amp;</a> <a href="http://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2013015722&amp;dokid=432507&amp;versjon=1&amp;variant=P&amp;">http://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2013015722&amp;dokid=432507&amp;versjon=1&amp;variant=P&amp;</a>	
Noverande planstatus:	Landbruk,- natur og friluftsliv, der landbruk er dominerande. Lnf-I område.	
Områdeskildring:	Ligg på Røyrvik, på eit nes ut i fjorden. Arealet er prega av jordbruk. Samla utgjør arealet 6,7 daa.	
Innspel til ny arealbruk:	Framtidig spreidd bustadbygging.	
Rådmannen sin konklusjon frå KU og ROS:	<b>Delvis tilrådd</b>	
Kart over innspel:		
Flyfoto over innspel:		

		Konsekvensutgreiing		
Tema		Kommentar	Verdi	Konsekvens
Natur og miljøressursar	Naturverdiar / biologisk mangfald	Registreringar i artsdatabanken. Livskraftig art Ligg lokalisert opp i mot område registrert som sand- og grusstrand.	M	-2
	Jord- og skogressursar	Overflate dyrka jord. Landbruk-, natur og friluftsliv, der landbruk er domineranda.	M	.2
	Kulturminne / fornminne	Ingen registreringar i kulturminnesok.no. To SEFRAK-registreringar innafor området.	M	-1
	Landskap / grønstruktur / kulturlandskap	Breie fjordløp og opne fjordmunningar.	S	-1
	Friluftsliv	Ingen registrerte friluftskvalitetar. Godt med merka stiar på Innstranda.	L	-1
	Funksjonell strandsone	Mesteparten av området ligg utanfor det kommuneplanen legg opp til å definera som funksjonell strandsone. Ein sone på om lag 10 m nærmast fjorden ligg innafor det kommuneplanen legg opp til å definera som funksjonell strandsone.	M	-2

Uønska hending	Årsak	Kommentar	ROS-analyse		
			Vurdering jf. akseptkriteria		
Ekstremver	Klimaendringar vil medføra hyppigare «ekstremver» med vind og store nedbørsmengder.	Skade på bygg kan førekoma.	L&H :	S5/K1	
			M:	S5/K1	
			Ø&P:	S5/K2	
Ras/skred/flaum	Skade på bygg kan førekoma.	Ligg utanfor aktsemdkart for snø-, stein-, jord- og flaumskred, og ikkje innan flaumsone	L&H :	S2/K1	
			M:	S2/K1	
			Ø&P:	S2/K1	
Ureining og støy	Grensar til landbruksområde og trafikkert veg,	Noko støy frå landbruk og vegtrafikk.	L&H :	S3/K3	
			M:	S3/K1	
			Ø&P:	S3/K1	
Radon	Radonstråling frå grunn.	Ingen kjende høge målingar i området el. nærliggjande område. Generelle krav til byggverk er synt i TEK10.	L&H :	S1/K2	
			M:	S1/K1	
			Ø&P:	S1/K1	
Brann	Brann som fylgje av lynnedslag, menneskeleg feil eller teknisk feil.		L&H :	S3/K3	
			M:	S3/K1	
			Ø&P:	S3//K3	
Ulukker	Trafikkulukke.	Lokalveg fram til området. Ligg langs med Fv-49. ikkje gang- og sykkelveg langs med fylkesvegen.	L&H :	S5/K3	
			M:	S5/K1	
			Ø&P:	S5/K2	
Uheldig samlokalisering	Bustadfelt i landbruksområde.	Bustad i nærleik til aktiv gardsdrift kan vera uheldig i høve til m.a. lagring, lukt og støy frå gardsdrifta.	L&H :	S3/K1	
			M:	S3/K2	
			Ø&P:	S3/K1	

Konklusjon frå Rådmannen			
Relevante samfunnstema	<i>Tettstadsutvikling</i>	<i>Kollektivtransport / gang- og sykkelveg</i>	<i>Transport</i>
	<i>Folkehelse</i>	<i>Kommunale tenestetilbod og økonomi</i>	<i>Born og unge</i>
	<i>Teknisk infrastruktur</i>	<i>Næringsliv og sysselsetting</i>	<i>Universell utforming</i>

Innstranda er ikkje omfatta av senterstrukturen i Kvam. Det skal difor vera moglegheiter for spreidd bustadbygging i samsvar med arealstrategiane for utnytting av LNF-område og spreidd bustadbygging.

I arealstrategi om utnytting av landbruk, natur og friluftsområde , Inf-område er det lagt vekt på, jf strategi nr 15, at område som ikkje er omfatta av regulerte bustadfelt her skal det leggjast til rette for spreidd bustadbygging langs med eksisterande infrastruktur og busetnad. Strategien er gjeldande for Innstranda.

I kommuneplanen i frå 2006 er heile området vist som landbruk,- natur- og friluftsliv, der landbruk er dominerande.


Roleg område med gode oppvekstvilkår. Området ligg like ved Fv- 49. Avstanden til næmaste busstopp er i underkant ca 150 m. Området vil vera bilbasert, evt basert på buss til skule, barnehage mm i Tørvikbygd. Ny barnehage i Tørvikbygd innan 2016. Det er pr dags dato ikkje gang- og sykkelveg til desse servicetilboda.

Ligg i eit område med gode turmoglegheiter, mange merka stiar på Innstranda og Tørvikbygd. .



Innafor området ligg det SEFRAK-registrerte bygg og registreringar i frå artsdatbanken.

Like utanfor og innafor det føreslåtte området er det i dag lokalisert fråskilde bustadar i landbrukslandskapet . Det føreslåtte området ligg såleis eit område som alt har utbygging og det eg mogleg med ei «fortetting». Lokaliseringa er i samsvar med arealstrategiane om spreidd bustadbygging, og arealstrategi nr 21 om at «fortetting skal skje i noverande bebygde område, utanfor den funksjonelle strandsonen». Det må likevel takast omsyn til naturkvalitetane på staden (jf artsdatbanken). Området vert stort sett ikkje rekna som ein del av den funksjonelle strandsonen i Kvam. Området vert **delvis tilrådd** lagt inn i kommuneplanen sin arealdel, men med ein smal buffersone mot fjorden. Det vert tilrådd inntil to hus på staden.

Framlegg til område i arealdelen (Kart)





<b>Områdenavn:</b> <b>SBU 5</b>	<b>Spreidd bustadbygging</b> <b>Innstranda</b>	<b>Gnr/bnr:</b>	<b>98/1 m.fl</b>
Journalpost innspel:	<a href="http://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2013015777&amp;dokid=432616&amp;versjon=1&amp;variant=P&amp;">http://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2013015777&amp;dokid=432616&amp;versjon=1&amp;variant=P&amp;</a> <a href="http://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2013015777&amp;dokid=432617&amp;versjon=1&amp;variant=P&amp;">http://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2013015777&amp;dokid=432617&amp;versjon=1&amp;variant=P&amp;</a>		
Noverande planstatus:	Landbruk-, natur og friluftsliv, der landbruk er dominerande, Inf-I område.		
Områdeskildring:	Ligg på Røyrvik, med god utsikt i mot fjorden. Området er ei blanding av lauvskog, beite fulldyrka jord. Samla omfang på arealet er om lag 44 daa.		
Og Innspel til ny arealbruk:	Framtidig spreidd bustadbygging.		
Rådmannen sin konklusjon frå KU og ROS:	<b>Delvis tilrådd</b>		
Kart over innspel:			
Flyfoto over innspel:			

		Konsekvensutgreiing		
Tema		Kommentar	Verdi	Konsekvens
Natur og miljøressursar	Naturverdiar / biologisk mangfald	Ingen registrerte naturverdiar i naturbase.no.	L	-1
	Jord- og skogressursar	Ei blanding av fulldyrka mark, overflatedyrka jord, innmarksbeite, skog av svært høg bonitet og skog av middels bonitet. Vist som Inf-I i kommuneplanen.	S	-2
	Kulturminne / fornminne	Ingen registreringar i kultuminnesok.no. To SEFRAK-registreringar i nedre kant av det føreslåtte området.	M	-1
	Landskap / grønstruktur / kulturlandskap	Breie fjordløp og opne fjordmunningar. Kulturlandskapet lokalt har også ein stor verdi	S	-2
	Friluftsliv	Ingen registrerte friluftskvalitetar. Godt med merka stiar på Innstranda.	L	-1
	Funksjonell strandsone		-	-

Uønska hending	Årsak	Kommentar	ROS-analyse
			Vurdering jf. akseptkriteria
Ekstremver	Klimaendringar vil medføra hyppigare «ekstremver» med vind og store nedbørsmengder.	Skade på bygg kan førekoma.	L&H : S5/K1
			M: S5/K1
			Ø&P: S5/K2
Ras/skred/flaum	Geologiske og topografiske forhold i området i kombinasjon med ekstremver og klimaendringar.	Aktsemdskart syner potensiell fare for ras. Tilhøvet må kartleggjast nærmare før vidare utbygging.	L&H : S3/K4
			M: S3/K3
			Ø&P: S3/K3
Ureining og støy	Ligg nær fylkesveg.	Nedre hjørna av feltet, ligg innafor gul sone, dvs meir enn 55 dB, der støytiltak	L&H : S5/K2
			M: S5/K1

		må vurderast. Dette må gjerast tiltak i samband med vidare utbygging av området.	Ø&P: S5/K2
Radon	Radonstråling frå grunn.	Ingen kjende høge målingar i området el. nærliggjande område. Generelle krav til byggverk er synt i TEK10.	L&H : S1/K2
			M: S1/K1
			Ø&P: S1/K1
Brann	Brann som fylgje av lynnedslag, menneskeleg feil eller teknisk feil.		L&H : S3/K3
			M: S3/K1
			Ø&P: S3/K3
Ulukker	Trafikkulukke.	Lokalveg fram til området. Ligg langs med Fv-49. ikkje gang- og sykkelveg langs med fylkesvegen.	L&H : S5/K3
			M: S5/K1
			Ø&P: S5/K2
Uheldig samlokalisering	Bustadfelt i landbruksområde.	Bustad i nærleik til aktiv gardsdrift kan vera uheldig i høve til m.a. lagring, lukt og støy frå gardsdrifta.	L&H : S3/K1
			M: S3/K2
			Ø&P: S3/K1

Konklusjon frå Rådmannen			
Relevante samfunnstema	Tettstadsutvikling	Kollektivtransport / gang- og sykkelveg	Transport
	Folkehelse	Kommunale tenestetilbod og økonomi	Born og unge
	Teknisk infrastruktur	Næringsliv og sysselsetting	Universell utforming

Innstranda er ikkje omfatta av senterstrukturen i Kvam. Det skal difor vera moglegheiter for spreidd bustadbygging i samsvar med arealstrategiane for utnytting av LNF-område og spreidd bustadbygging.

I arealstrategi om utnytting av landbruk, natur og friluftsområde , Inf-område er det lagt vekt på, jf strategi nr 15, at område som ikkje er omfatta av regulerte bustadfelt her skal det leggjast til rette for spreidd bustadbygging langs med eksisterande infrastruktur og busetnad. Strategien er gjeldande for Innstranda.


I kommuneplanen i frå 2006 er heile området vist som landbruk,- natur- og friluftsliv, der landbruk er dominerande.



Roleg område med gode oppvekstvilkår. Området ligg like ved Fv- 49. Avstanden til næmaste busstopp er i underkant 200 m. Området vil vera bilbasert, evt basert på buss til skule, barnehage mm i Tørvikbygd. Ny barnehage i Tørvikbygd innan 2016. Det er pr dags dato ikkje gang- og sykkelveggar til desse servicetilboda.

Ligg i eit område med gode turmoglegheiter, mange merka stiar på Innstranda og Tørvikbygd.

Landskapet på Røyrvik er av høg verdi og framtidig plasseringa av bustadar må gjerast med stor omhug. Status i dag er at det finst ein del fråskilde tomter på Røyrvik. Det bør vera moglegheiter for fleire tomter utan at det kjem i konflikt med kulturlandskapet. I høve til arealstrategiane for spreidd bustadbygging, så skal nye bygg plasserast langs med eksisterande infrastruktur eller der det er noverande bustadar. Rådmannen føreslår at området vert redusert til å omfatta nederste del av området, langs med noverande landbruksveg. Det må gjerast tilpassingar til omkringliggjande landbruksareal. Området vert **delvis tilrådd** av rådmannen. Før utbygging må det gjerast grundigare undersøkingar i høve til ras og kraftleidningen må evt leggjast om.

Framlegg til område i arealdelen (Kart)



<b>Områdenavn:</b> <b>SN 8</b>	<b>Innstranda -Næring</b>	<b>Gnr/bnr:</b>	<b>97/5</b>
Journalpost innspel:	<a href="http://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2013015574&amp;dokid=432180&amp;versjon=1&amp;variant=P&amp;">http://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2013015574&amp;dokid=432180&amp;versjon=1&amp;variant=P&amp;</a>		
Noverande planstatus:	Arealet vist som noverande landbruk-, natur- og friluftsområde, Inf-område. Ein liten del ned i mot sjøen som er landbruk,- natur- og friluftsområde, der friluftsliv er dominerande.		
Områdeskildring:	Området ligg på Ljones, i mellom Hardingasete og Ljones gartneri. Området ligg i mellom Tangavegen og sjøen. Midt i området ligg det det i dag fem fråskilde hyttetomter. Området er elles prega av blandingskog. Området utgjer ca 60 daa.		
Innspel til ny arealbruk:	Næringsareal –hus for utleige.		
Rådmannen sin konklusjon frå KU og ROS:	<b>Delvis tilrådd</b>		
Kart over innspel:			
Flyfoto over innspel:			

--	--

Tema		Kommentar	Konsekvensutgreiing	
			Verdi	Konsekvens
Natur og miljøressursar	Naturverdiar / biologisk mangfald	Ingen registreringar i naturbase.no. Registrering i artsdatabanken.no. Gjeld sommarfuglar mm. Alt er definert som livskraftige stammer. Koordineringspresisjon er ikkje oppgjeve.	L	-1
	Jord- og skogressursar	Området lengst i søraust er skog av svært høg bonitet resten er stort sett ei blanding skog av høg bonitet og skog av låg bonitet. Det finst også areal ned i mot sjøen som er anna jorddekt fastmark.	M	-2
	Kulturminne / fornminne	Ingen registreringar, men utifrå tidlegare drift kan det vera potensiale for funn	L	-1
	Landskap / grønstruktur / kulturlandskap	Breie fjordløp, fjordmøter og opne fjordmunningar.	S	-1
	Friluftsliv	Ingen registrerte friluftskvalitetar.	L	-1
	Funksjonell strandsone	Ligg innanfor det kommuneplanen legg opp til å definera som funksjonell strandsone. Gjeld ikkje området mellom Tangavegen og dei fråskilde hyttene. Resten ligg i det kommuneplan legg opp til å definera som funksjonell strandsone.	S	-3

Uønska hending	Årsak	Kommentar	ROS-analyse		
			Vurdering jf. akseptkriteria		
Ekstremver	Klimaendringar vil medføra hyppigare «ekstremver» med vind og store nedbørsmengder.		L&H :	S5/K1	
			M:	S5/K1	
			Ø&P:	S5/K2	
Ras/skred/flaum	Geologiske og topografiske forhold i området i kombinasjon med ekstremver og klimaendringar.	Ingen registreringar, på aktsemdskart.	L&H :	S2/K1	
			M:	S2/K1	
			Ø&P:	S2/K1	
Ureining og støy		Ingen kjend ureining i grunnen eller store/dominerande støykjelder.	L&H :	S2/ K1	
			M:	S2/K1	
			Ø&P:	S2/K1	
Radon	Radonstråling frå grunn.	Generelle krav i til byggverk er synt i TEK 10.	L&H :	S1/K2	
			M:	S1/K1	
			Ø&P:	S1/K1	
Brann	Brann som fylgje av lynnedslag, menneskeleg feil eller teknisk feil.	Mindre god brannberedskap enn i sentrale strok. Tilgang på vatn kan vera utfordrande.	L&H :	S3/ K3	
			M:	S3/K2	
			Ø&P:	S3/K3	
Ulukker	Trafikkulukker.	Smal og svingete veg fram til fylkesveg. Gardsdrift med store maskiner.	L&H :	S3/K3	
			M:	S3/K1	
			Ø&P:	S3/K2	
Uheldig samlokalisering	Bustad/næring i landbruksområde.	Nærleik til stort drivhusanlegg	L&H :	S3/K2	
			M:	S3/K2	
			Ø&P:	S2/K1	



Konklusjon frå Rådmannen			
Relevante samfunnstema	Tettstadsutvikling	Kollektivtransport / gang- og sykkelveg	Transport
	Folkehelse	Kommunale tenestetilbod og økonomi	Born og unge
	Teknisk infrastruktur	Næringsliv og sysselsetting	Universell utforming

Arealstrategiane for industri- og næringsareal tek for seg lokalisering av nye næringsreal. Nye næringsareal til industri og anlegg med meir skal leggjast til eksisterande næringsområde i utkanten av sentrum. Plasskrevjande næringer skal lokaliseras i utkanten av sentrum og langs med Fv-7 eller Fv- 48 og Fv-49. Næringer basert på stadbundne ressursar kan lokaliseras i område der desse høyrer naturleg til.

Arealstrategi nr 14 legg til grunn at det skal opnast opp for nye stadbundne næringer knytt til garden sitt ressursgrunnlag, som gardsturisme, opplevingar og utvikling av utmarksnæringer, i høve til strategi nr 18 så vil næringer basert på stadbundne ressursar kunna lokaliseras der desse høyrer naturleg til.

Miljøverndepartementet har lagt til grunn at bygg, her som fritidsbygg, må verta brukt til næringsmessig utleige mist i 9 månader i året, og at det er ein føresetnad at utleigeverksemda skjer som næringsverksemd i fellesdrift. Rådmannen har i høve til dette innspelet lagt til grunn at det skal drivast med næring, der ikkje bygg skal skiljast ut med eigne tomter og eigne gards- og bruksnummer.



I innspelet i frå grunneigar vert det lagt til grunn at vedkomande «ynskjer området omgjort til næringsareal, for framtidig utbygging til utleigehus». Rådmannen har i den samanheng sett på området som eit næringsområde, med moglegheit for bygg til utleige, der desse ikkje vert skild ut som eigne einingar. Det er tenkt å nytta privat vassverk, avlaup i trekamra septiktank og avlaup til sjø.

Rådmannen har i sin konklusjon lagt til grunn at det ikkje bør byggjast meir i den funksjonelle strandsonen i dette området. Moglegheitene i området vert då avgrensa til det noverande område for fritidsbygg i mellom eksisterande område for fritidsbygg og Tangavegen. Moglegheitene for meir utviding ligg i dette området.

Rådmannen vil **delvis tilrå** innspelet ifrå grunneigar, ved at området vist som noverande område for fritidsbygg vert gjort om til areal spreidd næring, og at dette området vert vist langs med Tangavegen. Grunngevinga er basert på at «næringer basert på stadbundne ressursar kan lokaliseras der desse naturleg høyrer til», her som naturkvalitetane i seg sjølv, gjer dette området attraktivt for utleigebygg. Ulempene kan vera nærleiken til gartneriet , Hardingasete og noverande fritidsbygg. Det vert difor lagt inn buffersonar mot eksisterande verksemdar.

Framlegg til område i arealdelen (Kart)



<b>Områdenavn:</b>	<b>Innstranda -spreidd bustadbygging</b>	<b>Gnr/bnr:</b>	<b>97/5</b>
Journalpost innspel:	<a href="http://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2013015574&amp;dokid=432180&amp;versjon=1&amp;variant=P&amp;">http://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2013015574&amp;dokid=432180&amp;versjon=1&amp;variant=P&amp;</a>		
Noverande planstatus:	Noverande landbruk-, natur og friluftsområde, Inf-område.		
Områdeskildring:	Området ligg på Innstranda, langs med Tangavegen. Området ligg i mellom Ljonesvågen og Tangavegen. Området er for ein stor grad prega av blandingsskog.  Området er i overkant av 28 daa.		
Innspel til ny arealbruk:	Framtidig område for spreidd bustadbygging.		
Rådmannen sin konklusjon frå KU og ROS:	<b>Ikkje tilrådd</b>		
Kart over innspel:			
Flyfoto over innspel:			

		Konsekvensutgreiing		
Tema		Kommentar	Verdi	Konsekvens
Natur og miljøressursar	Naturverdiar / biologisk mangfald	Ingen registreringar i naturbase.no eller i artsdatatabanken.no	L	-1
	Jord- og skogressursar	Store delar er skog av høg bonitet, også eit mindre område av skog med låg bonitet lengst nordaust i feltet. I strandlina er det eit område som stort sett er svaberg.	M	-1
	Kulturminne / fornminne	Det er registrert automatisk freda kulturminne i området, gjeld gravrøys i frå jernalder/bronsealder.	S	-3
	Landskap / grønstruktur / kulturlandskap	Breie fjordløp, fjordmøter og opne fjordmunningar.	S	-1
	Friluftsliv	Ingen registrerte friluftskvalitetar.	L	-1
	Funksjonell strandsone	Ligg innanfor det kommuneplanen legg opp til å definera som funksjonell strandsone	S	-3

Uønska hending	Årsak	Kommentar	ROS-analyse
			Vurdering jf. akseptkriteria
Ekstremver	Klimaendringar vil medføra hyppigare «ekstremver» med vind og store nedbørsmengder.		L&H : S5/K1
			M: S5/K2
			Ø&P: S5/K2
Ras/skred/flaum	Geologiske og topografiske forhold i området i kombinasjon med ekstremver og klimaendringar.	Aktsemdskart for snø&stein syner potensiell skredfare. Tilhøvet må kartleggjast nærare før regulering.	L&H : S3/K4
			M: S3/K3
			Ø&P: S3/K3
Ureining og støy		Ingen kjend ureining i grunnen eller store/dominerande støykjelder.	L&H : S2/K1
			M: S2/K1
			Ø&P: S2/K1
Radon	Radonstråling frå grunn.	Generelle krav i til byggverk er synt i TEK 10.	L&H : S1/K2
			M: S1/K1
			Ø&P: S1/K1
Brann	Brann som fylgje av lynnedslag, menneskeleg feil eller teknisk feil.	Mindre god brannberedskap enn i sentrale strok. Tilgang på vatn kan vera utfordrande.	L&H : S3/K4
			M: S3/K2
			Ø&P: S3/K3
Ulukker	Trafikkulukker	Smal og svingete veg fram til fylkesveg. Gardsdrift med store maskiner.	L&H : S3/K3
			M: S3/K1
			Ø&P: S3/K2
Uheldig samlokalisering		Ingen spesielle.	L&H : S2/ K1
			M: S2/K1
			Ø&P: S2/K1

Konklusjon frå Rådmannen			
Relevante samfunnstema	<i>Tettstadsutvikling</i>	<i>Kollektivtransport / gang- og sykkelveg</i>	<i>Transport</i>
	<i>Folkehelse</i>	<i>Kommunale tenestetilbod og økonomi</i>	<i>Born og unge</i>
	<i>Teknisk infrastruktur</i>	<i>Næringsliv og sysselsetting</i>	<i>Universell utforming</i>

Innstranda er ikkje omfatta av senterstrukturen i Kvam. Det skal difor vera moglegheiter for spreidd bustadbygging i samsvar med arealstrategiane for utnytting av LNF-område og spreidd bustadbygging.

I kommuneplanen sin arealdel i frå 2006, er det fleire område for spreidd bustadbygging på Instrand - Ljones, men ikkje akkurat her i dette området.

Roleg område med gode oppvekstvilkår. Avstanden til næmaste busstopp er om lag 1,2 km. Området vil vera bilbasert, evt basert på buss til skule, barnehage mm i Tørvikbygd. Ny barnehage i Tørvikbygd innan 2016. Det er pr dags dato ikkje gang- og sykkelveg til desse servicetilboda.

Ligg i eit område med gode turmoglegheiter, også relativt kort avstand til Vikingnes og Ljonesvågen, med flotte bademoglegheiter.

Ligg i eit område der det tidlegare er automatisk freda gravrøyser, slik at potensiale for fleire funn kan vera tilstades.

Området ifrå Ljonesvågen til Ljonestangen er på ulike vis tatt i bruk dei siste tiåra, der strandline etter kvart har vore meir privatisert enn den var for nokre tiår sidan.


Området er tilgjengeleg via Tangavegen, og er slik sett i samsvar med arealstrategien om spreidd bustadbygging.

Innafor området er det sonar der aktsemdskartet viser at det kan vera fare for snø – og steinskred. Dette må kartleggjast grundigare før evt utbygging.



Arealstrategi for funksjonell strandsone, legg til grunn at i den funksjonelle strandsonen skal område som er egna til rekreasjon og friluftsliv sikrast i mot utbygging. Rådmannen legg til grunn i si samla vurdering at dette er eit område som ligg i den funksjonelle strandsonen, og at det difor ikkje skal byggjast ut i dette område. Det finst også fornminne, som er automatisk freda, som det må takast omsyn til innafor området. Rådmannen si vurdering er at området **ikkje vert tilrådd** lagt inn i kommuneplanen sin arealdel.



**Framlegg til område i arealdelen (Kart)**





<b>Områdenavn:</b>	<b>Innstranda småbåthamn/service</b>	<b>Gnr/bnr:</b>	<b>95/7</b>
Journalpost innspel:	<a href="http://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2013015574&amp;dokid=432180&amp;versjon=1&amp;variant=P&amp;">http://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2013015574&amp;dokid=432180&amp;versjon=1&amp;variant=P&amp;</a>		
Noverande planstatus:	På land, er arealet vist som landbruk-, natur- og friluftsområd, Inf-område. I sjøen er området i kommuneplanen vist som Fi, dvs eit område som er tiltenkt låssetjing av brisling.		
Områdeskildring:	Området ligg i Ljonesvågen på Innstranda. I dag er nærområdet prega av ei blanding med naust og einskilde fritidsbygg. Det er kort veg til kommunalt friområde. Området i sjøen er på bortimot 3 daa.  På land er mesteparten tilgrodd blandingskog. Området er i underkant av 5 daa.		
Innspel til ny arealbruk:	På sjøen er det ynskje om framtidig molo og småbåthamn, på land er det ynskje om framtidig veg og servicebygg mm.		
Rådmannen sin konklusjon frå KU og ROS:	<b>Ikkje tilrådd</b>		
Kart over innspel:			
Flyfoto over innspel:			


--	--



		Konsekvensutgreiing		
Tema		Kommentar	Verdi	Konsekvens
Natur og miljøressursar	Naturverdiar / biologisk mangfald	Ingen registreringar i naturbase.no eller artsdatabanken.no	L	-1
	Jord- og skogressursar	Mesteparten er skog av høg bonitet, eit lite område med fulldyrka jord.	M	-2
	Kulturminne / fornminne	Ingen registrerte kulturminne innafor det definerte området. Ligg ei gravrøys i frå jernalderen like ved, på Kvitanes.	M	-2
	Landskap / grønstruktur / kulturlandskap	Breie fjordløp, fjordmøter og opne fjordmunningar.	S	-1
	Friluftsliv	Ingen registrerte friluftskvalitetar. Kommunalt friområde i nærleiken. Småbåttrafikk i området.	M	+2
	Funksjonell strandsone	Tilkomsten til området ligg utanfor det kommuneplanen legg opp til å definera som funksjonell strandsone. Resten ligg innanfor det kommuneplanen legg opp til å definera som funksjonell strandsone	S	-2

Uønska hending	Årsak	Kommentar	ROS-analyse		
			Vurdering jf. akseptkriteria		
Ekstremver	Klimaendringar vil medføra hyppigare «ekstremver» med vind og store nedbørsmengder.		L&H :	S5/K1	
			M:	S5/ K2	
			Ø&P:	S5/K2	
Ras/skred/flaum	Geologiske og topografiske forhold i området i kombinasjon med ekstremver og klimaendringar.	Ingen registreringar, på aktsemdskart.	L&H :	S2/K1	
			M:	S2/K1	
			Ø&P:	S2/K1	
Ureining og støy	Grensar til landbruksområde.	Noko støy frå landbruk. Småbåthamna er potensiell kjelde til ureining.	L&H :	S2/K2	
			M:	S2/K3	
			Ø&P:	S2/K1	
Radon	Radonstråling frå grunn.	Generelle krav i til byggverk er synt i TEK 10.	L&H :	S1/K2	
			M:	S1/K1	
			Ø&P:	S1/K1	
Brann	Brann som fylgje av lynnedslag, menneskeleg feil eller teknisk feil.	Sentralt område med god brannberedskap.	L&H :	S3/K3	
			M:	S3/K1	
			Ø&P:	S3/K3	
Ulukker	Trafikkulukke.	Tilkomst for gåande langs med relativt smale vegar.	L&H :	S2/K2	
			M:	S2/K1	
			Ø&P:	S2/K2	
Uheldig samlokalisering	Småbåthamn i rekreasjons- og badeområde eller i kaste- og låssetjingsområde.	Småbåthamna ligg i område som i tidlegare kommuneplan er vist som låssetjingsplass.	L&H :	S3/K2	
			M:	S3/K3	
			Ø&P:	S3/K1	

Konklusjon frå Rådmannen			
Relevante samfunnstema	<i>Tettstadsutvikling</i>	<i>Kollektivtransport / gang- og sykkelveg</i>	<i>Transport</i>
	<i>Folkehelse</i>	<i>Kommunale tenestetilbod og økonomi</i>	<i>Born og unge</i>
	<i>Teknisk infrastruktur</i>	<i>Næringsliv og sysselsetting</i>	<i>Universell utforming</i>
<p>Småbåthamner er viktige for fritidskommunen Kvam. I kommuneplanen sin samfunnsdel er fritidskommunen Kvam trekt fram som eit viktig tema for å skapa vekst og utvikling.</p> <p>Området som er tenkt nytta, vil ha småbåthamn med molo på fjorden, med tilgrensande areal på land, til mellom anna servicebygg. Anlegget er tiltenkt utleige av båtplassar og service. Detaljar for utnyttinga må komma i ein reguleringsplan for området.</p> <p>Område for fritidsbygg/hytter er ikkje tema i denne rulleringa og vert difor ikkje vurdert som ein del av denne konsekvensutgreiinga og ROS-analysen.</p> <p>På land er det registrert ei gravrøys på Kvitanes, like ved det føreslåtte området. I sjøen er området vist som låssetjingsstad for brisling. Låssetjingsstaden vil vera i direkte konflikt med den føreslåtte småbåthamna. <b>Rådmannen vil difor avslå</b> ei etablering av småbåthamn på staden.</p>			

**Framlegg til område i arealdelen (Kart)**



<b>Områdenavn:</b>	<b>Småbåthamn Innstranda</b>	<b>Gnr/bnr:</b>	<b>99/3</b>
Journalpost innspel:	<a href="http://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2013015777&amp;dokid=432620&amp;versjon=1&amp;variant=P&amp;">http://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2013015777&amp;dokid=432620&amp;versjon=1&amp;variant=P&amp;</a> <a href="http://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2013015777&amp;dokid=432621&amp;versjon=1&amp;variant=P&amp;">http://innsyn.kvam.no/wfdocument.ashx?journalpostid=2013015777&amp;dokid=432621&amp;versjon=1&amp;variant=P&amp;</a>		
Noverande planstatus:	Fiske-, ferdsle-, natur-, og friluftsliv, FFNF i sjø.		
Områdeskildring:	Området ligg innerst i Ljonesvågen, i eit område der det stort sett berre er lauvskog på land. Elles er området lite tilgjengeleg frå land i dag. Ljonesvågen er relativt grunn lengst inne. I vågen er det i dag både hytter, landbruk og setjefiskanlegg. Storleiken på arealet er om lag 4 daa.		
Innspel til ny arealbruk:	Framtidig småbåthamn.		
Rådmannen sin konklusjon frå KU og ROS:	<b>Ikkje tilrådd</b>		
Kart over innspel:			
Flyfoto over innspel:			

Tema		Kommentar	Konsekvensutgreiing	
			Verdi	Konsekvens
Natur og miljøressursar	Naturverdiar / biologisk mangfald	Det er ikkje kjente registreringar innafør området. I nærområdet til forslaget er det i artsdatabanken.no registrert blautdyr. Koordinatpresisjon er ikkje oppgjeve.	L	-1
	Jord- og skogressursar	På land grensar småbåthamna stort sett opp i mot skog av svært høg bonitet.	S	-1
	Kulturminne / fornminne	Ingen registreringar av kulturminne på det føreslåtte arealet. Ruin eller fjerna bygning på land. Gjeld bygg i frå før 1900.	L	-1
	Landskap / grønstruktur / kulturlandskap	Breie fjordløp, fjordmøter og åpne fjordmunningar.	S	-1
	Friluftsliv	Ingen registreringar av friluftskvalitetar innafør området. Småbåttrafikk i området. Badeplass i Ljonesvågen.	M	-1
	Funksjonell strandsone	Ligg i den funksjonelle strandsonen.	S	-2

Uønska hending	Årsak	Kommentar	ROS-analyse
			Vurdering jf. akseptkriteria
Ekstremver	Klimaendringar vil medføra hyppigare «ekstremver» med vind og store nedbørsmengder.		L&H : S5/K1
			M: S5/K2
			Ø&P: S5/K2
Ras/skred/flaum	Geologiske og topografiske forhold i området i kombinasjon med ekstremver og klimaendringar.	Pga av svært bratt terreng så kan ras medføra skade også på sjøen. Ligg innafør område for aktsemdskart for snø og	L&H : S3/K2
			M: S3/K2
			Ø&P: S3/K2

		steinskred. Potensiell fare må kartleggjast nærmare i samband med reguleringsplan.	
Ureining og støy		Ingen kjend ureiningskjelde eller potensiell støykjelde. Småbåthamna er potensiell kjelde til ureining.	L&H : S2/K2
			M: S2/K3
			Ø&P: S2/K1
Radon			L&H :
			M:
			Ø&P:
Brann	Brann som fylgje av lynnedslag, menneskeleg feil eller teknisk feil.		L&H : S3/K2
			M: S3/K2
			Ø&P: S3/K2
Ulukker	Trafikkulukke.	Tiltaket vil krevja tilkomst til fv-49. Gang- og sykkelveg er regulert i området, men ikkje bygd.	L&H : S4/K3
			M: S4/K1
			Ø&P: S4/K2
Uheldig samlokalisering	Småbåthamn i rekreasjons- og badeområde eller i kaste- og låssetjingsområde.	Ligg både badeplass og kaste- og låssetjingsplass i Ljonesvågen.	L&H : S2/K2
			M: S2/K2
			Ø&P: S2/K1

Konklusjon frå Rådmannen			
Relevante samfunnstema	Tettstadsutvikling	Kollektivtransport / gang- og sykkelveg	Transport
	Folkehelse	Kommunale tenestetilbod og økonomi	Born og unge
	Teknisk infrastruktur	Næringsliv og sysselsetting	Universell utforming



Småbåthamner er viktige for fritidskommunen Kvam. I kommuneplanen sin samfunnsdel er fritidskommunen Kvam trekt fram som eit viktig tema for å skapa vekst og utvikling.

Ljonesvågen er eit geografisk avgrensa område med mange ulike interesser og aktivitetar. Det er i dag både fritidsbustadar, badeplass og mindre område for småbåtar i Ljonesvågen. Vågen er relativt grunn i området innafor der anlegget er tenkt plassert.

Småbåthamn av eit slikt omfang som er tenkt i Ljonesvågen, bør etter rådmannen si vurdering ha tilkomst med bil. Det er svært bratt ned til vågen i frå fv-49. Høgdeskilnaden er på om lag 40 m. I innspelet er tilkomst til småbåthamna ikkje definert meir enn at det står opplyst med 500 m avstand til næraste off. veg. Rådmannen vurderer det slik at terrenget og tilgjenge er ikkje særleg eigna for parkeringsplass eller tilkomstveg i frå fylkesvegen. Innspelet vert difor **ikkje tilrådd**.

**Framlegg til område i arealdelen (Kart)**

